

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 07.09.2005 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Øyvind Røen
Marion L. Pedersen
Frode Bjørnås

I staden møtte:

Solvor Aadland
Ingen
Anne A. Lønnebakken

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar teknisk eining Bjarne Sverresvold,
Avd.ing. Knut Steinsland fram til sak 0033/05

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15. september 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Godkjent

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

(gjeld berre for møte i kommunestyret)

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Fylkesmannen har gjeve kommentarar til andre gongs ettersyn av Kommuneplanen for Samnanger sin arealdel 2004 – 2014. Her seier oppsummeringa at planframlegget vert endra i samsvar med merknadane og at det vert sett plankrav til utbygging av veg/parkeringsplass langs elva ved Bjørkheim / Årland, og at ROS-analysen vert sendt til gjennomsyn. Før dette er gjort kan ikkje planen eigengodkjennast.
- Det vart lagt fram notat om auken i kostnadane for rehabilitering av symjebasseng på Tysse Skule.
- På det to mål store arealet i Hagamulen skal det fremjast ei sak om på kva måte utbygging skal skje og kven som skal stå for dette.
- Fråskilt tomt frå eigedomen 24/35 til Kåre Tverlid skal knytast til kommunalt vatn og avlaup. Tilkomstveg går frå vegen til Helgatona.
- Utnytting av tomter på Lønnebakken og i Helgatona er i samsvar med reguleringsplan. Bygningar som er byggemeldt ligg innanfor dei avgrensningar som er sett krav om i reguleringsføresegnene for utbygginga.
- Stolpane skulehus er no flytta og oppryddingsarbeidet vert drøfta med utførande entreprenør og grunneigar.
- Hyttefelt vist på kommuneplan i Kvittingen skal få presisert si avgrensing. Leiar og nestleiar i Naturutvalet tek seg av dette.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0029/05	05/00256 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR 23, BNR 20. ALDAL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FRÅ KRAV OM STORLEK PÅ NAUST
0030/05	05/00203 SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR TILBYGG TIL INTERNAT I SÆTERVIKA DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN
0031/05	05/00221 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR 17, BNR 5.ÅDLAND DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN
0032/05	05/00252 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST GNR 44, BNR 70 GAUPHOLM. SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING I LNF OMRÅDE.
0033/05	03/00242 DELINGSSAK GNR 24/1.
0034/05	05/00168 DELINGSSAK GNR 31, BNR 1.
0035/05	05/00169 DELINGSSAK GNR 24, BNR 1.
0036/05	05/00213 DELINGSSAK GNR 47, BNR 1.
0037/05	05/00282 DELINGSSAK GNR 4, BNR 4.
0038/05	05/00286 DELINGSSAK GNR 24, BNR 111.

- 0039/05 05/00298
**SØKNAD OM FRITAK FRÅ BUPLIKTA -GNR/BNR 24/8,
HALLDOR TRENGEREID**
- 0040/05 05/00188
REGULERINGSPLAN GNR 34, BNR 45 I EIKEDALEN.
- 0041/05 05/00303
ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR YTRE TYSSE

0029/05

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR 23, BNR 20. ALDAL
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FRÅ KRAV OM STORLEK
PÅ NAUST**

Framlegg til vedtak::

Det vert gitt dispensasjon frå forbod mot bygging i 100 metersbelte for bygging av naust på gnr. 23 bnr. 20 Aldalen.

Grunngjevinga for dette er kommunestyret si handsaming av ny kommuneplan der det omsøkte arealet er avsett til naust.

Det vert vidare stilt krav om maksimal storleik og utsjånad i samsvar med dei krava som er vedteke i ny kommuneplan - maks. storleik på 9m x 5m, og maks. mønehøgde på 6m.

Handsaming i møte:

5 røysta for og 1 røysta mot.

Vedtak:

Det vert gitt dispensasjon frå forbod mot bygging i 100 metersbelte for bygging av naust på gnr. 23 bnr. 20 Aldalen.

Grunngjevinga for dette er kommunestyret si handsaming av ny kommuneplan der det omsøkte arealet er avsett til naust.

Det vert vidare stilt krav om maksimal storleik og utsjånad i samsvar med dei krava som er vedteke i ny kommuneplan - maks. storleik på 9m x 5m, og maks. mønehøgde på 6m.

0030/05

**SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR TILBYGG TIL INTERNAT I SÆTERVIKA
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av tilbygg til internatet Bergtun i Sætervika leirstad, gnr.44 bnr 24 og 26

Det må sikrast fri passasje langs strandlina med minst same kvalitet som det er no.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95a vert det gjeve rammeløyve for tilbygg til internat på gnr.44 bnr.24 og 26. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.18.06.05.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tilbygget, skal avløpstilhøva i Sætervika vera vurderte og ev. tilleggskrav for tilbygget vera avklart.

Det er ikkje lov å nytta 2. etg. før det er etablert 2 rømmingsvegar.

Seksjoneringsvegg skal førast ut ved inngangsdøra, slik at ein får tilfredstillande brannskilje mellom eksisterande bygg og tilbygget.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av tilbygg til internatet Bergtun i Sætervika leirstad, gnr.44 bnr 24 og 26
Det må sikrast fri passasje langs strandlina med minst same kvalitet som det er no.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95a vert det gjeve rammeløyve for tilbygg til internat på gnr.44 bnr.24 og 26. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.18.06.05.
Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tilbygget, skal avløpstilhøva i Sætervika vera vurderte og ev. tilleggskrav for tilbygget vera avklart.
Det er ikkje lov å nytta 2. etg. før det er etablert 2 rømmingsvegar.
Seksjoneringsvegg skal førast ut ved inngangsdøra, slik at ein får tilfredstillande brannskilje mellom eksisterande bygg og tilbygget.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0031/05

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR 17, BNR 5.ÅDLAND
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN**

Framlegg til vedtak::**Handsaming i møte:**

Idar Reistad kom med fylgjande framlegg:

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen på forbod mot bygging i 100 m. beltet for bygging av naust gnr- 17 bnr. 5, Ådland.

Grunngjevinga for dispensasjon er at det nyleg har stått naust der og naustet er tenkt plassert på same staden.

Det vert stilt krav til maks storleik og utsjånad i samsvar med krava sett i forslag til ny kommuneplan. D.v.s. maks storleik på 9 m x 5 m og maks. høgd 6m.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Framlegget frå Idar Reistad vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen på forbod mot bygging i 100 m. beltet for bygging av naust gnr- 17 bnr. 5, Ådland.

Grunngjevinga for dispensasjon er at det nyleg har stått naust der og naustet er tenkt plassert på same staden.

Det vert stilt krav til maks storleik og utsjånad i samsvar med krava sett i forslag til ny kommuneplan. D.v.s. maks storleik på 9m x 5m og maks høgd 6m.

0032/05

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST GNR 44, BNR 70 GAUPHOLM.
SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING I LNF OMRÅDE.**

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Saka vert utsett. Takast opp i neste møte Det vert synfaring .

Vedtak:

Saka vert utsett

0033/05

DELINGSSAK GNR 24/1.

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 1,5 daa frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune. Parsellen kan nyttast i samsvar med vedtak i kommunestyret om ny kommuneplan den 22.06.05.

Deling vert godkjent etter jordlova § 12.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 1,5 daa frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune. Parsellen kan nyttast i samsvar med vedtak i kommunestyret om ny kommuneplan den 22.06.05.

Deling vert godkjent etter jordlova § 12.

0034/05

DELINGSSAK GNR 31, BNR 1.

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve dispensasjon og løyve til å dela i frå eldste våningshus og garasje på gnr/bnr 31/1.

Det vert etter § 12 i jordlova gjeve løyve til å dela i frå eldste våningshuset på gnr/bnr 31/1 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at vegen skal liggja att på gnr/bnr 31/1.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert etter plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve dispensasjon og løyve til å dela i frå eldste våningshus og garasje på gnr/bnr 31/1.

Det vert etter § 12 i jordlova gjeve løyve til å dela i frå eldste våningshuset på gnr/bnr 31/1 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at vegen skal liggja att på gnr/bnr 31/1.

0035/05

DELINGSSAK GNR 24, BNR 1.**Framlegg til vedtak::**

Det vert i høve til plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå våningshus og driftsbygning. Det vert på den andre sida sett vilkår om at tomta vert redusert til totalt 4 daa, kor grensa ver sett om lag 10 meter nedanfor eksisterande bygningar.

Det vert etter jordlova § 12 gitt løyve til å dele i frå våningshus og driftsbygning med ei tuft på om lag 4 daa på gnr/bnr 24/1.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå våningshus og driftsbygning. Det vert på den andre sida sett vilkår om at tomta vert redusert til totalt 4 daa, kor grensa ver sett om lag 10 meter nedanfor eksisterande bygningar.

Det vert etter jordlova § 12 gitt løyve til å dele i frå våningshus og driftsbygning med ei tuft på om lag 4 daa på gnr/bnr 24/1.

0036/05

DELINGSSAK GNR 47, BNR 1.**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på om lag 2 daa på gnr/bnr 47/1 i Samnanger kommune. Det vert på den andre sida sett vilkår om at grensa til vatnet ikkje vert nærmare enn 30 meter.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på gnr/bnr 47/1 i Samnanger kommune.

Vedtaket vert fatta med vilkår om at det ikkje kjem merknadar frå Fylkesmannen sin miljøavdeling eller Fylkeskommunen.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert etter plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på om lag 2 daa på gnr/bnr 47/1 i Samnanger kommune. Det vert på den andre sida sett vilkår om at grensa til vatnet ikkje vert nærmare enn 30 meter.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på gnr/bnr 47/1 i Samnanger kommune.

Vedtaket vert fatta med vilkår om at det ikkje kjem merknadar frå Fylkesmannen sin miljøavdeling eller Fylkeskommunen.

0037/05

DELINGSSAK GNR 4, BNR 4.

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela eit tilleggsareal på om lag 400 m² frå gnr/bnr 4/4 til gnr/bnr 4/34, 84 i Samnanger kommune. Tilleggsarealet er redusert i høve til søknad. Tileggsarealet er avgrensa til ein trekant inntil gnr/bnr 4/34, kor øvre grense skal starte i nordvestlig hjørne av gnr/bnr 4/83 og gå til nordvestleg hjørne av gnr/bnr 4/84.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela eit tilleggsareal på om lag 400 m² frå gnr/bnr 4/4 til gnr/bnr 4/34 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert etter plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela eit tilleggsareal på om lag 400 m² frå gnr/bnr 4/4 til gnr/bnr 4/34, 84 i Samnanger kommune. Tilleggsarealet er redusert i høve til søknad. Tileggsarealet er avgrensa til ein trekant inntil gnr/bnr 4/34, kor øvre grense skal starte i nordvestlig hjørne av gnr/bnr 4/83 og gå til nordvestleg hjørne av gnr/bnr 4/84.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela eit tilleggsareal på om lag 400 m² frå gnr/bnr 4/4 til gnr/bnr 4/34 i Samnanger kommune.

Når det gjeld klagerett, sjå vedlegg.

0038/05

DELINGSSAK GNR 24, BNR 111.

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan og bygningslova § 63 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 24/111 i to nausttomter. Grenselinjene skal settast i høve til eksisterande naust på gnr/bnr 24/111. I tillegg til dette skal grenselinjene til gnr/bnr 24/23 og 24/219 justerast i høve til eksisterande naust på desse eigedommane.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 24/111 i to nausttomter.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert etter plan og bygningslova § 63 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 24/111 i to nausttomter. Grenselinjene skal settast i høve til eksisterande naust på gnr/bnr 24/111. I tillegg til dette skal grenselinjene til gnr/bnr 24/23 og 24/219 justerast i høve til eksisterande naust på desse eigedommane.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 24/111 i to nausttomter.

0039/05

**SØKNAD OM FRITAK FRÅ BUPLIKTA
-GNR/BNR 24/8, HALLDOR TRENGEREID**

Framlegg til vedtak::

Halldor Trengereid vert gjeve fritak frå buplikta på gnr/bnr 24/8 i Samnanger kommune så lenge mor hans bur i bustadhuset, men førebels ikkje lengre enn 5 år (til april 2010). Fritaket er gjeve i høve til § 27a i Odelslova.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Halldor Trengereid vert gjeve fritak frå buplikta på gnr/bnr 24/8 i Samnanger kommune så lenge mor hans bur i bustadhuset, men førebels ikkje lengre enn 5 år (til april 2010). Fritaket er gjeve i høve til § 27a i Odelslova.

0040/05

REGULERINGSPLAN GNR 34, BNR 45 I EIKEDALEN.

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Sture Tveit kom med fylgjande forslag til vedtak:

Reguleringsplan m/ føresegner for gnr. 34, bnr. 45 i Eikedalen vert vedteken slik den ligg føre.

Forslag frå Sture Tveit vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reguleringsplan m/ føresegner for gnr. 34, bnr. 45 i Eikedalen vert vedteken slik den ligg føre.

0041/05

ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR YTRE TYSSE

Framlegg til vedtak::

Det vert sett i gang arbeid med endring av reguleringsplan for Ytre Tysse for områda merka B2 og S1. Arealet skal omregulerast til parkering/kommunalteknisk anlegg. I planprosessen må og vurderast om det skal vera ei samordning av noverande B2 og Fe3.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med fylgjande tillegg:

I andre linje settes inn ordet **offentleg** foran parkering/kommunalteknisk anlegg.

Vedtak:

Det vert sett i gang arbeid med endring av reguleringsplan for Ytre Tysse for områda merka B2 og S1. Arealet skal omregulerast til offentleg parkering/kommunalteknisk anlegg. I planprosessen må og vurderast om det skal vera ei samordning av noverande B2 og Fe3.